



Reigstad Bygg og Eigedom AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1760 - 16/15993

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
13.06.2016

Gbnr 137/28 Alverneset. Løyve til deling i samsvar med reguleringsplan. Parsell 1, areal til bustad.

Eigedom: Gnr.137 bnr.28 Alverneset
Adresse for eiged.: Isdalstøbakken 81, 5914 Isdalstø
Type tiltak: Deling av grunneigedom
Heimelshavar: Reigstad Bygg og Eigedom AS
Søker: Reigstad Bygg og Eigedom AS

Saka gjeld:

Søker eig gnr.137 bnr.28. Denne eigedommen er regulert og planen vart godkjend av kommunestyret 17.12.2015. Det vert no søkt om å få dele opp eigedommen i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Det er søkt om å dele frå 7 parsellar på til saman 7130m². Det vert gjort separat vedtak for kvar parsell som skal delast frå. Denne søknaden gjeld parsell 1. Arealet som skal delast frå er 900m² til bustadføre mål.

Planstatus/dispensasjonar:

For tiltaket gjeld godkjend reguleringsplan Alverneset. Tiltaket er i samsvar med planen. Dispensasjon er ikkje naudsynt. Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde.

Nabovarsel:

Naboane er varsla og det ligg ikkje føre merknad frå nokon av naboane.

Tilkomst/vassforsyning/avløp:

Tilkomst er til kommunal veg. Det er offentleg vassforsyning og avløp i området. Tilknytning og tilkomst i samsvar med reguleringsplanen.

VEDTAK:

Med heimel i Plan- og bygningslova §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommunen løyve til å dele frå parsell 1 med eit areal på om lag 900m² frå gbnr 137/28, slik det er søkt om og synt på kart vedlagd søknad motteke i kommunen 30.05.2016. Kartet er merkt D1. Deling er i samsvar med godkjend plan.

Grunngjeving for vedtaket:



Kommunen vurderer søknad om deling etter Pbl §20-1 og §26-1:

« Eignedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova , forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eignedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Det gjeld frådeling av areal til bustad i samsvar med godkjend reguleringsplan.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i pbl. Det kan hefte servituttar ved eignedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eignedommen gjeve av kommunen med heimle i pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl § 21-9.

Gebyr:

I samsvar med gebyrregulativet til kommunen vedteke av kommunestyret i desember 2015 gjeldande for 2016, vert det skreve ut gebyr. Det er søkt om deling av sju parsellar. Gebyret for alle parsellane vert skriven ut her i samband med deling av den første parsellen:

Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjend reguleringsplan, kr.4000,- x 7 = kr.28000,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Osterfjordvegen 5914
124

ISDALSTØ